

Kva slags organisasjonar treng vi?

Noreg er eit land der frivillige organisasjonar spelar ei stor rolle i samfunnet. Dei aller fleste av oss er medlem av ein eller fleire organisasjonar, og ein stor del av befolkninga har eller har hatt tillitsverv eller vore tilsett i ein organisasjon. For heile samfunnet og for den enkelte er det derfor svært viktig korleis organisasjonane fungerer, korleis dei behandlar medlemmane sine og korleis dei behandlar intern usemje og konflikhtar.

Gjennom mange år har eg deltatt i ei rekke organisasjonar som tillitsvald og stått som medlem i enno fleire. Dette har gitt litt røynsler frå korleis organisasjonane fungerer, i kva grad dei tener medlemmane og i kva grad dominerande leiingar og synspunkt får undertrykke andre. Til røynslene høyrer ikkje bare å bli vald til verv, men også å bli kasta frå dei, truga med eksklusjon frå organisasjonen, bli frose ut og det å melde seg ut når eg ikkje lenger kunne stå for synspunkta eller praksisen til organisasjonen.

Organisasjonane er sjølvsagt av mange slag, og står ofte mot kvarandre i interesser og oppfatningar. Likevel trur eg det finst nokre prinsipp som i alle fall dei fleste organisasjonar bør kunne halde seg til. Eg føreset da at organisasjonane har eit formål som dei sjølve ser som ideelt (sjølv om kanskje ikkje alle vil vere enige) og at utgangspunktet er at organisasjonen skal tene interessene til medlemmane. Eg har da forsøkt å lage eit utkast til "Ti bod for organisasjonsarbeid":

1. Organisasjonen bør ha ein klar struktur.

Det bør vere vedtektsfesta kva organ organisasjonen har på forskjellige nivå og kva desse skal ha ansvaret for. Normalt vil ein landsomfattande organisasjon ha lokallag, fylkeslag eller regionlag og sentrale organ som sentralstyre og/eller landsstyre. Modellen kan vere forskjellig for forskjellige organisasjonar, men ein organisasjon bør ha eit konsekvent system, der det er avklart kva som er medlemsgrunnlaget for eit lokallag eller eit fylkeslag. Organisasjonsledd skal ikkje konkurrere om medlemmar og forsøke å trekke medlemmar frå kvarandre.

2. Organisasjonen bør vere demokratisk.

Alle styre i organisasjonen skal velgast nedafrå, av medlemmane på tilsvarende nivå. Alle kan delta i val til lokallagsstyre, mens lokallaga veljer utsendingar til årsmøte på høgare plan. Eventuelle utval, arbeidsgrupper osv. velgast av dei valde organa på tilsvarende nivå.

3. Organisasjonen bør vere open for forskjellige meningar

Det vil alltid vere forskjellige meningar innafor ein organisasjon og nokon vil alltid ønske seg endringar i organisasjonen sine program og praksis. Forskjellige synspunkt er ein viktig del av demokratiet og medlemmar må oppmuntrast til å komme fram med eigne syn, også når desse er i strid med det som dominerer i sittande leiing. Det skal vere ein svært høg terskel for å nekte nokre syn å komme til orde, både internt og offentleg.

4. Organisasjonsledda bør informere kvarandre.

Det bør utviklast rutiner for at informasjon om kva eit organisasjonsledd vedtar og gjør er tilgjengelig for høgare og lågare organisasjonsledd. For eksempel bør medlemmar ha lett tilgang til informasjon frå lokallagsstyret, og lokallagsstyret frå fylkesstyret. Når eit organisasjonsledd stiller spørsmål eller forslag til eit anna ledd, skal det alltid ha rett til svar innan rimelig tid.

5. Tillitsvalde skal tene organisasjonen og formålet.

Dei skal ikkje bruke organisasjonen til å skaffe seg sjølv makt og forteneste. Dei skal ikkje framheve seg sjølv, men opptre på vegne av organisasjonen og heller framheve denne og innsatsen til medlemmane.

6. Organisasjonen skal søke samarbeid

Om det eksisterer fleire organisasjonar på beslekta område bør ein legge hovudvekt på samarbeid,

ikkje på konkurranse og kamp mot andre organisasjonar. Som hovudregel bør ikkje ein organisasjon arbeide aktivt for å trekke over til seg folk som er organiserte i ein annan organisasjon med beslektede formål.

7. Organisasjonar skal vere sosiale og inkluderande.

Tillitsvalde har plikt å oppføre seg høflig, kameratslig og inkluderande overfor medlemmar av organisasjonen, sjølv om dei skulle vere usamde i saker eller dei ikkje likar stilen til nokre medlemmar.

8. Det er tillatt med kritikk og motforslag.

Kritikk bør fortrinnsvis vere konkret og saklig, men tillitsvalde skal uansett ikkje forsøke å hevne seg på eller straffe medlemmar som kjem med kritikk.

9. Alle skal kunne delta.

I organisasjonsledd som omfattar større område, f.eks. på fylkes- eller landsplan, skal det leggast til rette for at alle tillitsvalde eller lokallag i størst mogleg grad får like muligheter til å delta. Det vil seie at møter arrangeres slik at det er mogleg å nå fram på normal fritid, og at reiseutgifter anten blir dekkede av det organisasjonsleddet som organiserer møtet eller ved reiseutjamning. Der reisetid eller utgifter blir urimelig store, skal det tilbyast digital deltaking. Om viktige møter (f.eks. fylkesårsmøter) ikkje tar omsyn til dette, er det grunnlag for å krevje møtet ugyldig.

10. Organisasjonen skal ha eit sosialt miljø

Lokale organisasjonar og organisasjonsledd bør legge til rette for sosiale og uformelle samankomstar for medlemmane i tillegg til dei formelle møta. Alle medlemmar skal kjenne seg velkomne i slike miljø.

Røynslene mine er at det varierer svært i kva grad desse reglane blir praktisert. Eg har heller ikkje konsekvent klart å følgje alt dette når eg har vore tillitsvald. Men eg har sett at i den grad dette blir følgt opp, blir organisasjonane meir effektive, og ikkje minst meir trivelig å vere medlem av. Og eg har sett svært negative verknadar av at dei blir brote. No vonar eg at dette kan vere starten på ein diskusjon om korleis forbetre organisasjonspraksis i både den eine og andre organisasjonen. Ingen nemnd, ingen glømt.